

Hordaland Fylkeskommune

- 4 JUN 2015

Kystsoge vekene 2015

8. august til 13. september

Invitasjon

Stiftinga Kystsogevkene og Tysnes kommune
innbyr deg med følgje til

Offisiell opning av Kystsogevkene 2015 Tysnes laurdag 8. august

Hjarteleg velkommen!

Ove Trellevik
Styreleiar i Stiftinga Kystsogevkene

Kjetil Hestad
Ordfører Tysnes kommune

Vi ber om svar anten de ønskjer å koma eller ikkje, innan **15. juli**
på telefon/SMS 917 12 961 eller e-postadresse: kystsogevkene@hfk.no

Program for opningsdagen


- 10.45 Våge kai, guida busstransport til Årbakka og vidare til Onarheim
- 11.30 Årbakka Handelstad og Årbakkavollen
- 12.30 Frå Årbakka med seglskuta Seladon, buss eller eigen bil til Onarheim
- 13.00 Offisiell opning på Onarheim, Alsaker brygge.
- 14.00 På Alsaker brygge vert det servering og sal av lokal mat og lokale produkt.
- Utstillingar. Høve for tur til Blåbærhaugen, eller båttur på Onarheimsfjorden.
- 16.00 Framsyning Anna Gyria i Onarheim kyrkje
- 18.00 Buss frå Onarheim til Våge

Påmeldingsalternativ


- A** Heile dagen, med buss frå Våge og retur om kvelden
- B** Heile dagen, Årbakka, Onarheim og Anna Gyria, med eigen transport
- C** Offisiell opning og Anna Gyria
- D** Første del av dagen, utan framsyninga Anna Gyria

Stiftinga Kystsogevkene


Kystkultur -
tradisjon og utvikling...

 HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Andre program på Tysnes under Kystsogevøkene



- 1 8.-9. august kl 12-17 «Tøyet under tøyet», Galleriet på Breidablikk (Dokkegalleriet) v/ Tysnes kyrkje Arr. Britt Kjellevik Rage
- 2 15. august kl 20.-02.00 Dansegalla i Tysneshallen, årets band er Bris og Contrazt. Arr. Tysnes musikklag
- 3 22. august, Seglingens Dag i Våge, arr. Siglarlaget Njord/Tysnes
- 4 12. september kl. 12-17 Kulturløp på Drange, Kulturløp har ein av dei største gardssamlingane i Sunnhordland Arr. Kari og Helge Drange
- 5 12. september kl. 11-15.30 og 13.sept. kl 12-15.30 Husflidsmesse i Tysneshallen Arr. Tysnes husflidslag
- 6 13. september kl 15 Skorpo skule «Leia som historieforteller, marine og maritime funn frå Tysnes-området v/ Arild Marøy Hansen, Bergen sjøfartsmuseum Arr. Tysnes sogelag




Takk til Alsaker fjordbruk og til alle frivillige lag og enkeltpersoner for samarbeid.

Takk for lån av kart og foto

Design: Snitt Reklamebyrå

Kystsogevøkene 2015

8. august til 13. september



Stiftinga Kystsogevøkene

Offisiell opning av Kystsogevøkene 2015

Onarheim på Tysnes
Laurdag 8. august
Alsaker brygge kl 13.00

Kystkultur -
tradisjon og utvikling...



Velkommen til Kystsogevekene 2015



Stiftinga
Kystsogevekene

Ove Trellevik
Styreleiar

I år blir Kystsogevekene arrangert for 19. gong, og sjølve opninga blir på Tysnes.

I år er det friluftslivets år. Då passa det særskilt godt å leggja årets opning til Tysnes. Ein flott øy kommune som byr på gode naturopplevingar både på sjø og land.

Tysnes ble egen kommune i 1838. I middelalderen ble Olavsgildet heldt på Onarheim i Tysnes. Det var ein brorskap som samla folk frå store delar av Sunnhordland og Hardanger. Etter dette Olavsgildet fant man eit segl – to kryssande øks med ei krone over, og dette seglet ble seinare symbolet i Hordaland fylkeskommunes våpen, og Hordaland fylkeskommune er Kystsogevekene sin viktigaste samarbeidspartnar!

Kystsogevekene har gradvis bygt seg opp til å bli ei stormønstring av kystkulturen vår og programmet vil også dette året innehalde kring 200 arrangement i dei 5-6 vekene tilstellingane er.

Det er hyggeleg å kunne invitere til opningsarrangementet for Kystsogevekene i 2015, og det ville gleda oss å sjå deg der!

Velkommen til Tysnes og opning av Kystsogevekene Laurdag 8. august

Velkommen til Tysnes og opninga av Kystsogevekene 2015. For sjøfartskommunen Tysnes med sine lange og stolte tradisjonar innan sjøfart, segling og kystkultur er det ei stor ære og glede å få være vertskommune for den offisielle opninga av Kystsogevekene 2015.

Tysnes har gjennom alle tider hatt ei strategisk plassering i skipsleia, og det er derfor ekstra kjekt at opninga av årets Kystsogeveker skal finna stad i den vakre Onarheimsbygda med si rike historie og sine lange tradisjonar innan handel og sjøfart.

Å vera vertskommune for opninga er med på å gje oss Tysnesingar inspirasjon i kvardagen og me gler oss til å få deg på besøk.

Til lukke med opninga av Kystsogevekene og hjarteleg velkommen til Tysnes!



Ordfører
Tysnes kommune
Kjetil Hestad

Program for opningsdagen

11.30 Årbakka Handelstad og Årbakkavollen

Utstillingar, guiding på området og enkel servering. Årbakka er ein klassisk vestlandsk handelsstad, med handelsbu, smie og sjøbu og der kultur frå ei rekke ulike tider samla. Eit av dei mest særmerkte fornminna i Tysnes, på Årbakkavollen, stammar frå jernalderen. Her har vore meir enn 20 gravrøysar og minst 6 bautasteinar. Segiskuta Seladon gjestar Årbakka og Onarheim.

13.00 Offisiell opning på Onarheim, Alsaker brygge

Velkommen til Tysnes og Onarheim v/ ordførar Kjetil Hestad

Velkommen til Kystsogevekene 2015 v/ styreleiar Ove Trellevik

Offisiell opning v/ sjøfartsdirektør Olav Akselsen
Kultur- og musikkinnslag

Helsing frå Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordførar Tom-Christer Nielsen

14.00 På Alsaker brygge vert det servering og sal av lokal mat og lokale produkt


Johannes Heggland-utstilling i Onarheim kyrkje. Salsutstilling i Seløystova «Tysnesvettene i godt lag» strikk v/ Hjørdis J. Heggland og rosemåling v/ Marianna Heggland Brungot.

Guiding og synfaring i nærmiljøet til Seløystova, Onarheim kyrkje og Vossabakken. Friluftslivets år vert markert med tur til Blåbærhaugen for dei som ønskjer det. Båtturar på Onarheimsfjorden.

Frå om lag 1100-talet står Onarheim fram som eit senter for store delar av Hordaland. Her var tingstad, og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Namnet Vossabakken vitnar om at også vossingar var med i Onarheimsgildet.

16.00 Framsyning i Onarheim kyrkje

«Anna Gyria» v/ Johanne Øvstebø Tvedten, Sunnhordland museum, ei forteljing ut ifrå Johannes Heggland sin romankvartett «Brødet frå havet».



Ferje frå Halhjem 10.10

Mogeleg å parkere på Halhjem for dei som ønskjer busstransport på Tysnes.

Ferje frå Jektevik 10.30